



Preikestolen

KYRKJEBLAD FOR HJELMELAND, FISTER, ÅRDAL,
STRAND, JØRPELAND OG FORSAND SOKN
NR.1, MARS 2021. 82. ÅRG.

Adresse:

Postboks 188
4126 Jørpeland

Neste nr. kjem 20. april.
Frist for innlevering av
stoff er 12. mars.

Redaksjon:

Redaktør Olav Frantzen
Tlf. 977 55 271
olav.frantzen1@lyse.net

Jon Vogt Engeland
Liv Åse Gaard
Yvonne Langeland Meltveit
John N. Nessa
Haldis Karine Nilsen
Siv Fossan
Reidunn Ferstad
Kristoffer Nåden Havn
Anne Brit Hatleskog

Kyrkja sin kontaktperson:

Liv Åse Gaard
kyrkja@strand.kommune.no

Får de ikkje Preikestolen i
postkassen, kan de ta kontakt
med eitt av kyrkjekontora.
Sjå tlf. nr. s. 26.

Frivillig abonnementspris
pr. år: 250 kr i Hjelmeland,
Strand og Forsand.
Alle utanbygds abonnentar
må betala 250 kr for bladet.

Bankgiro:3205.30.06158
eller Vipps på Preikestolen
kyrkjeblad, eller vipps-
nummer 105004.

Grafisk formgjeving:

Marton L Fiskå
marton.fiska@icloud.com

Trykk: Kai Hansen Trykkeri
Opplag: 7400

Framsidedfoto:

Dagfinn Svadberg Hatløy

Innhald nr. 1-2021

Andakt.....	Side 3
Min sang.....	Side 3
Bibelversene.....	Side 4
Bibelen utgått på dato?.....	Side 6
Bibelen for deg.....	Side 8
Avanti - opp og fram.....	Side 10
Den nye kyrkja reiser seg.....	Side 12
Ungdommane på bakerste benk.....	Side 14
Altertavle og krusifiks i Fister kyrkje.....	Side 16
Jordmor Førland.....	Side 18
Det første kirkerommet i Strand?	Side 20

Helgenomsekvensering

I pandemitida blir me stadig utsette for nye ord; også vanskelege faguttrykk som dette i overskrifta. Eg trudde først at det var ein trykkfeil, men etter kvart forstod eg at det ikkje hadde noko med helg eller helgen å gjera, men derimot ein prosess for å avdekka rekkefølgja av byggsteinane i arvestoffet (genomet). På denne måten er det mogeleg å skilja dei ulike variantane av koronaviruset frå kvarandre.

I dette nummeret av Preikestolen er Bibelen eit hovudtema. Bibelen inneheld også mange ord, uttrykk og forteljingar som kan vera vanskeleg å forstå før me har sett oss inn i det, lest det fleire gonger, eller spurt andre med meir kunnskap enn me har sjølv. Det er difor nokon studerer Bibelen i mange år, for å kunna hjelpa oss andre til å forstå – eller til å tru utan å forstå. Det er nemleg ikkje alt me treng å forstå for å tru at det er rett.

Heldigvis er Bibelen også full av **enkle** ord, uttrykk og forteljingar som alle kan forstå, ja faktisk så enkle at det var nok at folket høyrde kva som vart sagt eller lest – og mange trudde! Slik var det på Jesu tid, og slik er det i dag. I denne tida kan ordet frå Jesaja-boka vera til trøyst og oppmuntring: *Frykt ikkje, for eg er med deg, ver ikkje redd, for eg er din Gud! Eg gjer deg sterk og hjelper deg og held deg oppe med mi rettferds høgre hand (Jes 41,10).*

Olav Frantzen

Lukt av vår og ord om håp

Tekst: Martin Ivar Arnesen

Våren har sine kjenneteikn. Dagane blir lengre, snøen smeltar og trea førebur lauvsprett. Fuglane kvitrar og trekkfuglane kjem tilbake. Dvaletida er over. Det som syntest dødt i vinter, vaknar nå til nytt liv. Endeleg er det vår!

Pandemien sytte for at 2020 vart ein annleis år. Det som har halde oss oppe, er håpet og orda: «Det går bra.» Samstundes veit vi at mange har mista livet, andre sit med sorg og sakn, og andre har mista livsinntekta. Men når vi no er gått inn i 2021, blir vaksinar masseproduserte og sende ut i verda. Endeleg. No er det håp. No er det vår! Vi håper at utgangen av 2021 blir annleis enn utgangen av 2020.

Johannes skriv i kap. 4 om ein kongeleg embetsmann som kom til Jesus. Sonen hans var sjuk, og han søkte hjelp for guten. Kanskje hadde han prøvd alt, og har eit siste håp om at Jesus kan helbreda han. Han var fortvila, og gjekk den 30 km lange vegen frå Kapernaum til Kana.

Kva var det eigentleg som dreiv mannen til å søka hjelp hos Jesus? Eg trur det var ei tru på at Jesus verkeleg kunne hjelpa. «**Herre kom, før guten min døyr!**» Og Jesus såg trua hans: «**Gå heim. Sonen din lever!**»

Allereie før han kom heim, kom tenarane mot han med beskjed om at guten var blitt frisk. Han sjølv og familien kom til tru på Jesus. Den dødssjuka guten fekk liv og helse.

Verda er full av skrik og smerte, angst og einsemd. Ein kamp på liv og død. Stadig blir vi minna om livsgrenser og realitetar. Media viser oss bilder av menneske som er offer for terror, overgrep, krig, svolt, naturkatastrofar og pandemi. Det er mange som ropar mot oss: «Kom, før guten min døyr!»

Vi er og sette til å helbreda. Lindra naud. Visa omsorg. Dele medisiner. Det er dette som er misjon og som er kyrkja sitt oppdrag: «Syna omsorg for det heile menneske». Og det var dette Jesus gjorde i møte med menneske. Når vi gjer som han, er vi med og peikar på Jesus.

Men det finst og ei naud som all verdas kunnskap eller vitskap ikkje kan rå med. Den mest grunnleggande smerta er det berre Gud som kan helbreda; den indre andelege og sjelelege naud.

Det er ofte i livskriser og sjukdom at menneske kjem til Gud. Det er ikkje vår oppgåve å døma andre si tru. Jesus stengjer ikkje for ei leitande og famlande tru. Vi skal heller be om at den famlande trua finn Jesus.

Jesus átvarar mot ei under- og mirakeltru som vil fri oss frå smerte og lidning. Det høyrer til i menneskelivet. Noko løfte om eit liv utan smerte, sakn og lidning av noko slag, har ingen av oss fått. Med våre liv og hender, augo og øyre, hjarte og munn, får vi vera Jesu utsendingar som både syner praktisk omsorg og peikar på Jesus – den store legen.



Min sang

Tekst: Gerny Berge Vestbøstad

Salme 121: Jeg løfter mine øyner opp mot fjellene, hvor skal min hjelp komme fra?

*A*r du noen gang hatt det så tungt at du ikke vet hvordan du skal komme deg videre? Kreftene er svunnet hen etter lang tid med motgang. Det føles som om du har gått med sekk i flere dager. Du trodde du snart var ved målet, men da du kom der, innså du at det ikke var riktig. Kanskje er målet rett rundt neste sving. Kanskje må du opp en bakke til, og over en elv før du kommer frem. Du vet ikke. Sekken føles tyngre og skrittene blir kortere. Du har mest lyst å gi opp og legge deg ned. Ingen krefter igjen etter en lang reise med tung bagasje.

En slik reise har jeg hatt flere ganger, en slik reise er jeg på nå, og en slik reise vil komme igjen senere i livet.

I slike stunder har jeg gjentatte ganger fått svar fra Gud gjennom sanglinjen; «*min hjelp kommer i fra Herren, himmelens og jordens skaper*». Kraften av melodien spilt med tydelige toner på pianotangentene i kirka fyller hjertet mitt med krefter og visshet om at min Himmelske Far er med meg. Han gir meg den styrken jeg trenger til å gå støtt, Han passer på meg gjennom alt og Han skal bevare meg! Alt jeg trenger å gjøre er å løfte blikket og ta i mot Hans hjelp.

Tenk at en sang kan gi så mye styrke!

Bibelversene

Gjelder bibelversene i dag? Eller gjaldt de kun for lenge siden, da Bibelen ble skrevet? Gjelder de bare i fremtiden? Hjemme hos Gud, vår Far? I det evige livet? Dette undrer jeg meg over.

Tekst og foto: Yvonne Langeland Meltveit

BIBELVERSENE GJELDER IKKE FOR MEG?

Av og til lurar jeg på: Gjelder bibelversene for meg? Det står mange løfter i Bibelen som ikke gjelder for meg. I hvert fall føles det sånn. Av og til hører eller leser jeg om folk sine sterke opplevelser i forhold til Gud. Om hvordan Gud snudde en mørk og håpløs situasjon, til noe nytt og bedre. Når mine bønner forblir ubesvarte, da er jeg helt overbevist om at jeg enten tror for lite eller at jeg gjør noe galt.

TROSSKALA

Noen ganger lurar jeg på om troen er som en slags skala. At man starter nederst på skalaen, og ettersom man blir eldre både i år og i åndelig tro, så beveger man seg oppover på trosskalaen. På et finurlig vis føler jeg meg nærmere Gud nå enn for 25 år siden da jeg ble en kristen. Jeg har lest veldig mye mer i Bibelen de siste årene, så det kan ha noe med det å gjøre. Eller er det så enkelt at jeg har levd lenger og min livserfaring har gjort at jeg har søkt Gud mer aktivt?

MYE ARBEID Å TRO

Jeg synes at det å være kristen er «mye arbeid». Man skal tro. Oppføre seg «pent». Man skal be. Man skal tilgi. Be for fienden, lese i Bibelen, spre Ordet. Så jeg synes det krever litt av meg å leve som en kristen. Men «bare» å tro på Gud i seg selv, er for så vidt enkelt nok, helt til man møter på prøvelser. Da hender det at i hvert fall jeg blir usikker på Gud - hvor Han er og hvorfor Han har forlatt meg. Den gode Gud er der. Han vil aldri forlate meg. Men jeg, som er et lite menneske med begrenset fatteevne, skjønner ikke at Gud er til stede når det stormer som verst.

HVA BETYR VERSENE?

Jeg søker ofte trøst hos Gud, i bønn eller ved å lese i Bibelen. Et av versene lyder:

De som sår med tårer, skal høste med jubel. Den som alltid går gråtende ut og bærer såkornet for å så, skal sannelig komme tilbake med jubel og bære sine kornbånd (Salme 126,5-6)

Hva betyr dette? At alle de millioner av tårer jeg har grått, ikke er forgjeves? At det vil komme noe ut av det vonde, bare jeg holder ut i tro? Her? På jorden? Eller betyr det at det jeg gjør her på jorden, altså tror på Gud, gjør at jeg høster fruktene av dette når jeg kommer til himmelen? Altså, jeg får evig liv.

Hva med: *Dere skal søke meg og finne meg, når dere søker meg av hele deres*

hjerte (Jeremia 29,13). Hva menes her?

Jeg søker jo Herren av hele mitt hjerte, men føler ikke alltid at jeg finner Gud likevel. Er det ikke av hele mitt hjerte da?

Eller: *Har jeg ikke befalt deg? Vær sterk og modig. Vær ikke redd og bli ikke skremt, for Herren din Gud skal være med deg overalt hvor du går. (Josva 1,9)*

Jeg er ikke sterk! Ikke modig! Jeg er redd og fryktelig skremt! Og jeg føler meg til tider helt alene. Som om Gud har glemt meg.

DET KOMMER AN PÅ TOLKNINGEN

Hvorfor bønnesvar lar vente på seg og hva bibelversene betyr, kommer vel alt an på tolkningen av dem - og hvem som tolker dem. Jeg ber Den hellige Ånd om hjelp til å forstå versene riktig, og jeg ber om at Bibelen må åpenbare seg. Man må spørre Gud og Den hellige Ånd om hjelp til å tolke riktig, eller at Gud sender noen på vår vei som kan forklare det som vi selv er usikre på. Og man må til slutt lande på det som står i 2. Korinterbrev 5,7: *Vi vandrer ved tro, ikke ved det synlige.*

STOLE PÅ GUD UTEN Å FORSTÅ

Det gjelder altså å stole på Gud og på bibelversene selv om vi ikke forstår noe som helst selv. Det handler om å tro, ikke om å se eller å forstå. Og konklusjonen er at bibelversene gjelder i **fortid** - i **nåtid** - og i **fremtid**!





BIBELEN

- utgått på dato?

Illustrasjonsfoto: Pixabay

Bibelen er eit gresk ord for bøker. Av dei tre store bokreligionane jødedom, kristendom og islam, er det Bibelen som representerer kristendommen. Bibelen er ei svært spesiell bok som mange av oss kanskje

trur dei kjenner godt, men eg vil påstå at dei fleste, meg sjølv inklusive, kjenner alt for dårleg.

Tekst: John N. Nessa
Illustrasjonsfoto: Olav Frantzen

For Bibelen er ikkje ei enkel bok med ein enkel forfattar. Bibelen består av to testament, 66 bøker, 1189 kapittel - og 31 173 vers. Verseinndelinga har komme til etter kvart, som eit pedagogisk hjelpemiddel. Relativt få av oss har lese denne boka heilt ut, og endå færre kan - heldigvis - slå seg på brystet og seie at dei har forstått alt fullt ut. Bibelen er truleg den boka i verda flest menneske har lese i, for Bibelen er heilt eller delvis omsett til 2479 språk (i 2008).

ME ER ALLE KOMPETENTE LESARAR

I dag er ein opptatt av at Bibelen skal nå ut til alle, og at flest mogleg sjølv skal kunne lese det som står. Men det har slett ikkje alltid vore slik. Det har alltid stått strid om Bibelen, både om kva som skal med, kven som skal lese, og korleis tekstane skal fortolkast. Det er Luthers store fortjeneste at Bibelen blei allemannseige i vår kyrkje. For Luther si tid var den autoriserte Bibelen kun på latin. For det var eit poeng for den katolske kyrkja at vanlege folk ikkje skulle lese og forstå Bibelen - for det hadde dei ikkje føresetnader for. Luther omsette Det nye testamentet ikkje berre til tysk, men til eit nytt, folkeleg tysk skriftspråk som var slik at alle kunne forstå det. Han sa også at kvar lesar var ein kompetent lesar, kvar lesar skulle vere sin eigen prest og bestemme sjølv kva ein skulle tru, uavhengig av paven. På eitt vis kan ein seie at den latinske bibelen var kyrkja sitt maktmiddel, medan Luthers tyske nytestamente var eit frigjerings prosjekt. Det var spesielt dette som gjorde at Luther blei lyst i bann og kom i livsfare som kjettar for den katolske kyrkja.

BIBELEN HAR FORMA VÅR KULTUR

Luthers Bibel var lenge einerådande

også her til lands, fram til vi i 1854 fekk ei dansk utgåve. Vi fekk den første norske bibelen i 1904, og det året vi no er i - 2021- kan vi nytte til å feire hundreårs-jubileum for den første nynorske bibelen. Den bibelen vi no nyttar, kom i 2011. Bibelselskapet brukte 35,5 millionar kroner, og ei lang rekke språkkonsulentar gjennom 11 år for å få gitt ut ei ny bibelomsetjing.

Til Bibelselskapet sitt hundreårs-jubileum i 2016 skreiv Dag Kullerud boka "Bibelen- boken som formet vår kultur". Det er ein treffsikker tittel. For det er ingen tvil om at Bibelen har forma vår kultur og kvar enkelt av oss, langt meir enn vi sjølve er klar over. Eg har sjølv vakse opp i ei tid då bibelsoge var hovudpensum i skulen, til liks med skrivning, lesing og rekning. Slik er det ikkje lenger. Men boka er framleis etterspurt vare på grunn av sitt rike innhald.

I fjor kom Alf Kjetil Walgermo med ei bok som har fått svært god omtale, Bibelens kvinner, historiene som forma verda. Og fleire enn Walgermo er blitt påverka av Bibelen, anten dei heiter Shakespeare eller Henrik Ibsen, Trygve Bjerkeim eller Bob Dylan. Bob Dylan er mest kjent som rock- og visesongar, men han fekk også Nobelprisen i litteratur i 2016. Han syng slik eit morlaust lam brekar, og er ei påkjenning å høyre på. Men tekstane er ofte bibelsoge. Eit betydeleg antal direkte referansar, og kanskje like mange bilete og symbol frå Bibelen, finn ein i hans tekstar. Ein av dei beste tekstane hans, Every grain of sand, kunne gått rett inn i den norske salmeboka.

EIT BIBLIOTEK

Bibelen er ikkje ei bok. Bibelen er eit bibliotek. Bibelen er dikt og drama, lyrikk og krim, historisk dokumentasjon, men også innslag av mytologiske forteljingar. Bibelen er lovtekstar

og oppskrifter, historier fortalt, og spådommar om framtida. Bibelen er dreieboka for det dramaet som livet sjølv er. Ein kjem ikkje unna Bibelen om ein skal forstå det samfunnet vi lever i.

BIBELEN GIR IKKJE SVAR PÅ ALT

Samstundes må ein minne om at det er mange ting Bibelen ikkje er. Bibelen er ikkje ei lærebok i naturvitskap. Heller ikkje ei oppskrift på kva som er rett og gale til ei kvar tid. Skal du finne ut kor gammal jorda er, er det lite hjelp i å lese skapingssogene i Det gamle testamentet. Bibelen gir ikkje svaret på alt. Tvert om er Bibelen prega av at den gir oss mange spørsmål, utfordrar oss som lesarar, viser oss ein veg, peikar ut ein kurs, snur vedtekne sanningar på hovudet. Bibelen er lite tabloid, og lite eigna som lettvtint underhaldning.

Bibelen er alltid aktuell. Det er ingen fare for at den vil bli nulla ut med det første. For den er definitivt ikkje utgått på dato.

”

Bibelen er ikkje ei lærebok i naturvitskap. Heller ikkje ei oppskrift på kva som er rett og gale til ei kvar tid.

”



En bokhandlers tanker om Bibelen

Tekst og foto: Yvonne Langeland Meltveit

Jeg har spurt Atle Tungland, bokhandleren på Jørpeland, om hvilket forhold han har til Bibelen som bok? Atle svarer at han har vokst opp med Bibelen slik som de fleste andre har. Han har lest en del i Bibelen, i rykk og napp, litt her og litt der opp gjennom årene. Men han tror ikke på Bibelen. Likevel finner han noe av innholdet veldig spennende. Som for eksempel Skapelsesberetningen. «Og spesielt interessant er det å lese i lys av kulturhistorien», sier Atle.

DRAMATIKKEN I DET GAMLE TESTAMENTE

På spørsmålet mitt om hvilket

testamente han liker best, svarer Atle spontant: «Det gamle testamente! Å ja, det er der det spreke er», sier han og smiler lurt. «I Det gamle testamente er det mye dramatik og gode historier. Mye festlig», sier han og ler litt forsiktig. «Det er en herlig sammenblanding av skapelsesmyte, historie og jødisk kultur». Når det kommer til Det nye testamente er det innblikket i romertiden han vil trekke frem som mest interessant.

LITE BUTIKKSALG AV BIBELN

«Vi må alltid ha Bibelen i butikken, men vi selger ikke så mange eksemplarer. Den selges mest som gave, og spesielt til konfirmanter, ofte med inngrave-

ring. Det er ikke et typisk mersalgprodukt», sier han og humrer litt. Atle fortsetter: «Bibelen danner en bakgrunn i vår kulturkrets. Bibelen blir ofte referert til i annen litteratur. Mange ordtak og ordspill tar utgangspunkt i Bibelen. Bibelen er alltid til stede i skjønnlitteratur. Den er grunnleggende for så mye. Derfor er det så viktig med kjennskap til den.» Atle avslutter med å fortelle at han har kost seg masse med å lese i Bibelen. «Jeg har lest mye om den, og i den», sier han og smiler inni barten.

Otto og Simon sine tanker om Bibelen

Av Irene Thu

ME HAR SPURT TO GUTAR OM NOKRE TANKAR OM BIBELN:

1. Er det ei bibelforteljing du er ekstra glad i?
2. Kva er det som gjer at du er ekstra glad i den forteljinga?
3. Kva tenkjer du om Bibelen, sånn i kvardagen?



Otto 7 år



Simon 10 år

1. Eg likar forteljinga om når Gud delte Rødehavet i to, slik at Moses og folket kunne gå over til den andre sida.
2. Det er kult at det blei ein vegg på begge sider i sjøen. Og at Gud redda Moses og folka frå Farao sine soldatar!
3. Det er spennande forteljingar, og så lærer eg om Gud.

1. Det er mange kule historiar og eg har egentlig ingen favoritt, men "dei 10 landeplagene" synest eg er spennande.
2. Det skjer merkelige ting.
3. Eg les litt i Bibelen av og til, og det er mange spennande historiar der.

Mitt bibelvers

Tekst og foto: Yvonne Langeland Meltveit

En kald, men solrik vinterdag, møtte jeg Anna Karin Døssland Steen, hjemme hos henne på Jørpeland. Med trygg korona-avstand fikk jeg stilt henne spørsmålet:

Hvilket bibelvers betyr noe for deg, og hvorfor?

Anna Karin trenger ingen betenkningstid. Hun svarer at det er Filipperne 4,4 «Gled dere alltid i Herren! Igjen vil jeg si, gled dere!» «Dette verset har fulgt meg siden ungdommen. Jeg har arvet det av faren min». Faren kom alltid tilbake

til dette bibelverset, og hvis han skrev brev, pleide han alltid å hilse med disse ordene.

Videre forteller Anna Karin at da hun var ungdom var det mye «du må ikke» - mye som var synd, men i barndoms-hjemmet var det høyt under taket. Anna Karin forteller at i Filipperbrevet er ordet glede brukt mange ganger. Det står også mye om takk, oppmuntring og ingen fordømmelse.

Anna Karin avslutter med at «hennes vers», Filipperne 4,4, har gitt henne mye oppmuntring og glede gjennom hele livet. Selv i de tyngste stundene har hun søkt trøst i verset som hun arvet fra sin far.





Kristoffer W Sersch monterer himlingsplater



Martin Stensland er operator på CNC fres



Hallgeir Egeland lakkerer himlingsplater



Hallgeir Egeland mellomsliper himlingsplater

AVANTI - Opp og fram

» For mange det viktigaste dei har! »

Namnet Avanti er italiensk og betyr «opp og fram» eller «velkommen inn». Namnet og bedrifta er blitt eit kjent namn i Ryfylke.

Tekst: Martin Ivar Arnesen
Foto: Avanti

I 1991 starta Avanti Ryfylke opp som eit samarbeid mellom kommunane Hjelmeland, Strand og Forsand. Bakgrunnen var HVPU-reforma (Helsevern for psykisk utviklingshemma),

som blei innført same år. I dag er det eit aksjeselskap eigd av Hjelmeland, Strand og Sandnes kommune.

Bedrifta held til på Tungland på Jørpeland og har 3 avdelingar: vaskeri, trevareavdeling og service-avdeling. Det er 11 fast tilsette i arbeidsleiinga og 42 som er i fast arbeid på dei tilrettelagte arbeidsplassane. I tillegg er det 6 som er inne på treningstiltak i inntil eit år før dei skal vidare ut i arbeidslivet.

«**JOBBER LIVET**»
Kjetil Søyland har vore med som dagleg leiar heilt sidan 1994. Kjetil fortel at for Avanti er det eit

mål at arbeidstakarane skal ha noko meningsfullt å gå til og få utvikla sine ferdigheiter.

«For mange av dei tilsette er det slik at jobben er livet. Her finn dei venner og fellesskap. Det er for mange det viktigaste dei har».

Avantis filosofi byggjer på at arbeid er det beste for dei som kan arbeida, læring gjennom meistring og utnytting av kompetanse og moglegheiter.

VASKERI, SERVICE OG TRE- VIRKE

Vaskeriet utfører tenester for private, for bedrifter både i Ryfylke og Nord-Jæren, og for samarbeidskommunane. Dei leiger også ut matter

til forretningar. Service-avdelinga tar oppgåver som pakking og sikkerhetsmakulering for lokale bedrifter, i tillegg til interne reparasjonar. Tre-avdelinga lagar mellom anna skilt, utemøblar, kontormøblar, kjøkken og bad. Dei har også laga spesialinnreiingar, og møblar til barnehagar og Turistforeininga sine hytter.

ALTER OG INNREIING

Avanti har også fått viktige oppgåver i den nye kyrkja på Tau. Dei skal lage dei liturgiske møblane. Alter, lesepult, alterring og døypefont skal lagast i eik. Det skal også lagast innreiingar og skap til tekjøkken, sakristi og alle grupperom. Og det er ei stor og

omfattande oppgåve når alle himlingsplatene i eikefiner skal lagast, limast, lakkerast og ferdigstillast for montering i den nye kyrkja. Dei tilsette har ansvar for så mykje som mogeleg av produksjonen som skjer med maskiner og for hand. Dei tilsette gjer også ein sjølvstendig kvalitetskontroll av det dei lagar.

Alt dette skjer i eit tett samarbeid med byggeleiinga og arkitektane. Og dette siste er viktig for at dei ferdige produkta skal få det uttrykket og den kvaliteten som skal vere i kyrkja. For Avanti som bedrift er dette eit stort prosjekt. For dei som arbeider der, er det stort å tenkje på at dei er

med på å byggje noko som skal stå der i fleire hundre år, og at dei skal få lage altermøblar som skal samle folk og vere i fokus for menneske i kvardag, fest og sorg. For Strand kyrkjelyd er det flott at Avanti er med i bygginga av den nye kyrkja, og at dei lagar dei liturgiske møblane. Både fordi dei er ei lokal bedrift, men først og fremst fordi Avanti er Avanti.

Den nye kyrkja reiser seg

Bli med på spleiselag til Tau kyrkje

Innsamlinga til den nye kyrkja starta i 2017, og pr. dags dato har det komme inn ca. 4 mill. kr. Dette er fantastisk, men det er eit stykke att. Viss mange gir litt, gir det stor verknad. Eksempel: Viss 200 personar gir 500 kr kvar i månaden, blir det 1,2 mill. kr i året!

Viss du vil gi ei gåve til den nye kyrkja, er det fleire måtar å gjere det på:

På heimesida www.strand-kyrkje.no: Registrer deg som fast givar med bank-ID

Gi gåver direkte til kontrnr. 3205 20 60477

Vipps gåve til #139529

For skattefråtrekk: Merk gåver med fødselsnummer eller org.nr. (for firma).

Følg kronerullinga på heimesida!

Etter snart 16 års innsats, står nå den nye kyrkja på Tau snart klar. Dersom arbeidet fortset i same gode tempo som nå, vil truleg bygget – ei storstove for heile Strand – stå ferdig til sommaren.

Tekst: Trond Hjorteland
Foto: Martin Ivar Arnesen

Heilt sidan 2005 har det vore ein plankomité som har stått på for å realisera ei ny kyrkje på Tau. Enkelte av medlemmene der har vore med heilt frå første møte og fram til i dag, slik som Tore Voster som nå leiar byggjekomiteen for kyrkja. Kor mange dugnadstimar han har lagt ned som frivillig, veit han nok ikkje sjølv ein gong!

Det er med andre ord ein enorm frivillig innsats som nå viser godt att i Tau sentrum. Sjølv sagt har Strand kommune sitt økonomiske bidrag vore avgjerande for å få dette til, men utan eldsjelene til å driva fram dette prosjektet, hadde nok ikkje kyrkja blitt ein realitet. I skrivande stund melder entreprenøren Ryfylke Trelast at dei ligg godt an i forhold til framdriftsplanen. Etter

planen skal bygget bli overlevert til Strand kyrkjelege fellesråd 31. juli. Sjølve innviinga av kyrkja skal skje søndag 12. september. Men i tida før innviing vil det vera hektisk aktivitet med utvask og innflytting av inventar og utstyr. Slik det ser ut nå, vil kanskje staben i Strand kyrkjelyd flytta inn i kontora i kyrkja alt før sommaren. I samband med innviinga vil det vera ei heil veke smekkefull med program,

dersom Covid19-situasjonen tillet det. Utan å røpa for mykje, vil det vera ei blanding av Hans Nilsen Hauge, tru og politikk, konsertar og lokalhistorie. Og ennå held programkomitéen på med å få spennande ting på plass. Målet er å få til ei veke der kyrkja opnar dørene for lokalsamfunnet, og der folk kan sjå kva dette bygget kan bety for Tau sentrum og Nordre Strand.

Strand sokneråd har påtatt seg eit stort, økonomisk ansvar for bygginga av kyrkja. Til saman skal soknerådet samla inn 11 millionar kroner - 8 millionar kroner til sjølve kyrkja og 3 millionar kroner til kjellaren i kyrkja. Mange har alt meldt seg som givarar, men her er det bare å bli med for fleire, om du tenkjer at det å få ei «sjømannskjerka» midt i Tau sentrum er noko du vil støtta.



Dei fire ungdomane er frå venstre: Brynjar Meyer, Stian Haukelid, Rebekka Haukalid og Noa Høllesli.



Brynjar og Stian styrer lyd og projektor



Rebekka Høllesli

UNGDOMMANE

på bakerste benk

Rundt eitkvart arrangement er det er alltid nokon som arbeider i det stille og legg til rette for at andre skal få ei fin oppleving. Slik er det òg under gudstenestene.

Ein time før me andre finn vegen til kyrkja på søndag førermiddag, møter Brynjar, Kristoffer, Stian, Noa, Rebekka eller Sindre for å førebu gudstenesta.

Tekst og foto: Anne Brit Hatleskog

Det er frå bakerste benk i Forsand kyrkje at lyd og bilete vert styrt under gudstenestene, og mange har kanskje sett at det er ungdommen i bygda som har overtatt ved miksepulten.

- Kyrkjelyden har eit leiartreningsprogram for dei unge, som ei oppfølging etter Lys- vaken helga for 5.-6. klasse, og mange av gutane ynskjer då å prøva seg som teknikarar, fortel kyrkjelydsarbeidar Irene Thu.

KJEKT PÅ BAKERSTE BENK
Som einaste jente i gruppa er Rebekka

på 13 år. Ho har vore teknikar i fleire år allereie og starta med å hjelpe faren før ho no klarer seg godt på eiga hand. Rebekka har ikkje tenkt så mykje over at det ikkje er andre jenter i teknikargruppa, men trur kanskje det skuldast at mange tenkjer at det å styre lyd og bilete er meir ein guteaktivitet, og at jentene heller bør gjere andre ting. Men, slik er det jo ikkje, så jenter – de er herved utfordra og velkommen som teknikarar!

Far til Brynjar er soknepresten i Forsand, så Brynjar har vore medhjelpar i kyrkja med fleire ulike oppgåver: - Eg starta med å telje dei som kom til gudstenesta, fortel han, så fekk eg styre projektoren før eg etterkvart overtok styringa på lyden, og det er ei oppgåve eg likar godt.

Dei unge teknikarane er alle einige om det er mykje kjekkare på gudstenestene når ein kan sitje heilt bakerst, vite kva som skjer og ha heile kontrollen.

NÅR IKKJE ALT GÅR SOM PLANLAGT

På spørsmål om dei har opplevd at det vart skikkelig rot med både lys og lyd ein søndag, ler dei litt heile gruppa, før Brynjar fortel om den eine gudstenesta der mikrofonane plutsleg slutta å virke. - Då er det bare å halde seg roleg og ikkje stresse, det meste

ordnar seg på eit vis.

- Før gudstenesta går me gjennom planen slik at me veit når forsongarane skal syngja, når presten treng lyd eller når bibelteksten skal lesast, forklarar Stian og Noa.

- Dersom alle held seg til planen, går det heilt fint, men det kan bli litt stress om Ole Wollert startAr forbøna når det eigentleg var planlagt ein song, eller Hege får lyst til å syngje siste verset ein ekstra gong. Då hender det at det er nokre som snur seg og kan senda oss eit litt surt blikk, dei trur nok at det er me som roter og ikkje kan dette skikkeleg. Men, det er ikkje noko å bry seg om, seier Brynjar bestemt, han er eldst av teknikarane og har vore bak miksepulten i mange år allereie. - Dei aller fleste er veldig koselige.

